



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 19.01.2022
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:	Rolle
Elin Anita Garpestad	Andre
Elisabet Haarr	Medlem
Ivan Fjeld	Medlem
Jens Kåre Bore Stokka	Medlem
Jonas Meling Berge	Medlem
Marita Midtun Finstad	Medlem
Nicolai Homme	Leiar - forfall
Torunn Renate Bore	Nestleiar
Torill S Bøen	vara
Elisabeth K Jørgensen	vara

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

22/001	Godkjenning av innkalling
22/002	Godkjenning av referat
22/003	Samtale om arbeidet - januar 2022
22/004	Informasjon frå og til fellesrådet - januar 2022
22/005	Årsmøte 2022
22/006	Jærgårds 2022
22/007	Orienteringar - januar 2022

22/001 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 22/001 Vedtak:
Innkalling godkjent.

22/002 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

BS - 22/002 Vedtak:
Referat fra forrige møte godkjent.

22/003 Samtale om arbeidet - januar 2022

Forslag til vedtak:
Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møtet.

Ressursgruppene er i gang og mange gode tankar om nye ting er drøfta. G1 vil ha fokus på å løfta sang, gjerne med styrking av forsongarar/medsongarar. Det er lagt opp til øving annakvar veke. Første gong "koret" er i gang, er på G1 i februar. Familiekomiteen ønskjer å prega familiegudstenestane med diverse innslag etter kvart. Ein del tankar og idear er lufta. Ingen konkrete tiltak ennå. G2 gruppa skal ha nytt møte om kort tid. Det er pr. i dag ikkje noko konkret frå denne gruppa. Soknet bør også tenkja på å arrangera eit Alpha-kurs, gjerne til hausten. Det var mange positive tilbakemeldingar frå kursten som måtte stansa mars 2020 pga korona. Det er også kome innspel om å lesa bibelen i lag i kyrkja. Her kan ein tenkja seg at folk møter til ei fast tid pr. veke i ein periode. Då vil ein kunne høyra lesing frå bibelen i samanheng. Dagleg leiar tek kontakt med Open kyrkje for å høyra om dette er to tiltak som kan kombinerast.

BS - 22/003 Vedtak:
Bore sokneråd er glad for at det er ny giv i arbeidet for 2022. Det er gledeleg at ressursgruppene for gudsteneste er komne i gang og ein imøteser initiativa. Nytt tiltak: Lesing frå bibelen, kan bli realisert dersom ein finn eit lagleg tidspunkt og nok folk som ønskjer å lesa høgt. Dagleg leiar tek dette vidare.

22/004 Informasjon frå og til fellesrådet - januar 2022

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar kva tiltak me kan gjera for å redusera kostnadane i 2022 og gjer vedtak i møtet.

Soknerådet ber Fellesrådet om å styra temperaturen. Ein vil akseptera noko lågare normaltemperatur i periodar med høg straumpris.

Kyrkjetenar/fellesrådet tek avgjer om kva nivå ein skal leggja seg på som normert temperatur i kyrkja og kyrkjestova. Ansvarleg arrangør set opp temperaturen i kyrkjestova når det er arrangement. Fellesrådet har ansvar for styring av kyrkja. Open kyrkje held fram som før i kyrkja. Bønnesamling blir lagt til kyrkjestova.

BS - 22/004 Vedtak:

Soknerådet gir Fellesrådet ansvar for å setja normert temperatur på kyrkje og kyrkjestova. Ved arrangement i kyrkja, blir temperaturen fjernstyrt av fellesrådet. Ved arrangement i kyrkjestova, har arrangør ansvaret for å skru opp temperaturen under arrangementet. Det er aksept for noko lågare normert temperatur i periodar med høge straumprisar. Open kyrkje held fram som før, i kyrkja. Bønnesamling søndag kveld, vert lagt til kyrkjestova i vinterhalvåret. Dagleg leiar kontaktar ansvarleg arrangør.

22/005 Årsmøte 2022

Forslag til vedtak:

Årsmøtet i Bore sokn vert 24. april kl. 20.00

Ein del av argumentasjonen for å gjera endring på årsmøtedato, har falt vekk. Det passar bra for dei fleste å ha årsmøtet 20. mars som opprinneleg bestemt.

BS - 22/005 Vedtak:

Årsmøtet i Bore 2022 vert 20. mars kl. 20.

22/006 Jærgårds 2022

Forslag til vedtak:

Bore sokn vedtek ein underskotsgaranti for Jærgårds 2022 på kr 5 000,-.

BS - 22/006 Vedtak:

Bore sokn vedtek ein underskotsgaranti for Jærgårds 2022 på kr 5 000,-.

22/007 Orienteringar - januar 2022

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering

Det er eit nasjonalt løft for frivillighet i Noreg i 2022. I høve dette, er Bore sokn invitert til å delta under "Sykkelløp". Dette arrangementet er i Bore 4. juli, frå kl.14 og utover. Vil Bore delta med forskjellige aktivitetar? Skal me kle oss i T-skjorter. Kanskje også ein stand/post i Borebakken?

Torunn Renate melder frå til Frivilligsentralen.

Pga korona, er det ikkje blitt arrangert konfirmantfest i 2020 og 2021. Ein har dermed ikkje grunnlag for å evaluera endringa frå ein fest der også føresette var invitert. Soknerådet ønskjer ei vurdering av om det let seg gjera å ha ein fest i år. Sokneråd arrangerer i lag med dei involverte frå staben.

BS - 22/007 Vedtak:

Bore menighet ønskjer å delta 4. juli. Me vil kjøpa inn T-skjorter for vidaresal til deltakarar. Alle som er med på forskjellige aktivitetar, kler seg i ei T-skjorte.

Ivan ber om vurdering av endring av møtedag for soknerådet frå onsdag til tysdag. Dette vert ei sak på neste møte.

Ivan snakkar med Jarle om det går an å arrangera fest for konfirmantane, våren 2022. Soknerådet vil delta på dette.